



■ notat

Tid til verneombodsarbeid

Frå: Dag Lervik	Til: Verneomboda
Dato: 09.10.2013	Ref: M. Hauge

Vi får med jamne mellomrom spørsmål om kva reglar som gjeld når det gjeld planfesting av tid til verneombodsarbeid.

Den 9 april 2013 reviderte Hovudsamarbeidsutvalet HMS-måla for Møre og Romsdal fylkeskommune. Hovudsamarbeidsutvalet formulerte då eit nytt delmål 3:

Kontaktmøter med verneombod/AMU og tid til verneombodsarbeid skal avtalast mellom leiar og verneombod i den enkelte driftseining- med utgangspunkt i ei avklaring av verneombodet si rolle og deltaking i HMS-årshjul aktivitetane. Verneombodsaktivitetane dette utløyser skal vere synleggjort i verneombodet sin arbeidsplan.

I samband med tilsyn i 2009 var også dette eit av fleire punkt som det vart gitt tilbakemelding på

Tilbakemelding på vedtak om pålegg - tid til verneombodsarbeid

Vi viser til brev frå Arbeidstilsynet dat. 20.11.09.

Vi ønskjer med dette å gi tilbakemelding om korleis pålegg nr. 3 i Arbeidstilsynets brev dat. 26.05.09 er etterkomme.

Pålegg nr. 3 gjaldt arbeidsgivar sitt ansvar for at det blir avsett nødvendig tid til verneombodsarbeid.

Pålegget gjeld verneomboda ved Kristiansund VGS, men Møre og Romsdal fylke har valt å bruke pålegget som utgangspunkt for ein prinsipiell gjennomgang av organisering og tidsbruk i verneombodsarbeidet i den vidaregåande skolen i fylket.

Arbeidsmiljølov og Arbeidstilsynets rettleiing

I følge § 6-5 (2) i lova, skal verneombod "ha nødvendig tid til å utføre vernearbeidet på forsvarlig måte.

I alminnelighet skal oppgavene utføres innenfor vanlig arbeidstid". Det er arbeidsgivar som skal legge forholda til rette for å sikre at dette kravet blir oppfylt, jf. § 2-1.

I lovforarbeida har departementet lagt til grunn at verneombodet sjølv skal vurdere kor mykje tid som er nødvendig, men "at det må kunne treffes nærmere avtale om dette på den enkelte virksomhet".

I sine generelle rettleiarar skiljer Arbeidstilsynet mellom meir rutinemessige oppgåver og tilfelle kor verneombodet må gripe inn i farlege situasjonar i arbeidet. Dei rutinemessige sidene ved verneombodets arbeid bør drøftast i samarbeid med arbeidsgivar, slik at dette kan tilpassast verneombodets øvrige arbeid. Oppstår det uførutsette situasjonar

som krev at verneombodet grip inn, skal verneombodet alltid kunne forlate arbeid sitt.

I utgangspunktet er det verneombodet som sjølv avgjør kor mykje tid som er nødvendig for å få utført oppgåvene forsvarleg. Oppstår det tvist om dette kan Arbeidstilsynet kontaktast for avgjersle.

Møre og Romsdal fylkeskommune si prinsipielle tilnærming til fastsetting av tid til vereombodsarbeid

Møre og Romsdal fylke legg gjennom sin nye arbeidsgivarpolitiske plattform vekt på å utvikle tydelegare koplingar mellom arbeidsgivarområdet og organisasjons- og tenesteutviklinga. Alle aktivitetar på arbeidsgivarområdet skal inngå som ein naturleg og integrert del av kjerneverksemda for fylket. Dette perspektivet utfordrar den tradisjonelle HMS-tenkinga og vernetenesten si rolle. Verneomboda må i sterkare grad inn som "utviklingspartnar" saman med leiar i målretta arbeidsprosessar i HMS-arbeidet i driftseininga.

Arbeidsgivar ser det føremålsteneleg med ein modell der tid til verneombodsarbeid blir avtalt mellom leiar og verneombodet i den enkelte driftseining. Tilnærminga til "nivellering" av verneombodsarbeidet blir følgjeleg at leiar i samråd med verneombodet avklarar verneombudet si rolle og deltaking i forhold til hovudaktivitetane i driftseininga sin HMS-årssyklus, og sørgjer for at aktivitetane dette utløysar blir synleggjort i ein aktivitetskalender og lagt inn i verneombodet sin arbeidsplan frå år til år.

HMS-aktivitetskalenderen (jf. HMS-systemhandboka pkt. 2.2) er relatert til HMS-årssyklusen (jf. HMS-systemhandboka pkt. 5.3), og viser faste årlege aktivitetar knytt til

- arbeidsmiljøkartlegging/vernerunde
- utarbeiding av handlingsplan og avviksbehandling
- revisjon av driftseininga si HMS-arbeidsbok
- HMS-årsrapportering

Desse milepelane i HMS-arbeidet legg premissane for møtesyklusen til dei lokale arbeidsmiljøutvala. Det vil følgjeleg vere viktig at hovudverneomboda i driftseiningane får sett av nødvendig tid til koordinering og dialog med dei øvrige verneomboda i eininga i forkant av arbeidsmiljøutvalsmøta. Det er også viktig at vernetenesten blir påkopla på fellesmøte og andre ordinære møteplassar i driftseiningane der HMS-arbeidet har ein naturleg posisjon.

Aktivitetane i HMS-aktivitetskalenderen skal være leiarstyrte. Sjølv om verneombodet gjennomfører t.d. vernerunde saman med avdelingsleiar, er det avdelingsleiar og ikkje verneombodet som tar initiativ til og har hovudansvaret for å planlegge vernerunden og lage rapport i etterkant. For skolane vil god praksis vere at den planlagde verneombodsaktiviteten blir synleggjort i arbeidsplana til det enkelte verneombodet i august, ved starten av kvart skoleår.

Dersom leiinga i driftseiningane ikkje følgjer opp i samsvar med den beskrive tilnærminga, vil dette vere å sjå på som avvik som kan rapporterast av vernetenesta til fylkesnivået.

Møre og Romsdal fylke si tilnærming vil vere tilpassa aktuelle utfordringar og situasjon i den enkelte driftseining. Eit viktig poeng her er at kvar driftseining må "realitetsorientere" innhaldet i verneombodets oppgåver til storleiken og kompleksiteten i det aktuelle verneområdet og til lokale utfordringar.

At verneombodsarbeid skal løysast med lik ressursbruk uavhengig av avdeling, driftseining og sektor, er etter vår oppfatning å underslå at avdelingane, driftseiningane og sektorane står framfor differensierte HMS-ufordringar. Vi er redd for at ei slik tilnærming innskrenkar dei lokale leiarane og verneomboda sitt handlingsrom i det målretta HMS-arbeidet.

Møre og Romsdal fylkeskommune, vil gjennom leiaropplæring og intern HMS-opplæringa syte

for at driftseiningane implementerar og følgjer opp rutinar for nødvendig tidsbruk til å utøve verneombodsfunksjonen.

Hovudsamarbeidsutvalet sitt vedtak i møte 15.12.09

Som det går fram at vårt brev til Arbeidstilsynet dat. 14.11.09 ønskte vi å behandle dei prinsipielle sidene rundt Arbeidstilsynets pålegg nr. 3 i fylket sitt Hovudsamarbeidsutval, som er det sentrale arbeidsmiljøutvalet og drøftingsorganet på fylkesnivå. Fylkeshovudverneombodet er fast representant i utvalet.

Hovudsamarbeidsutvalet gjorde i møte 15.12.09 slikt samrøystes vedtak:

“Hovudsamarbeidsutvalet legg til grunn at tid til verneombodsarbeid blir avtalt mellom leiar og verneombodet i den enkelte driftseining. Tilnærminga til “nivellering” av verneombodsarbeidet blir følgjeleg at leiar i samråd med verneombodet

- avklarar verneombudet si rolle og deltaking i forhold til hovudaktivitetane i driftseininga sin HMS-årssyklus (årshjul),*
- sørgjer for at aktivitetane dette utløysar blir synleggjort i ein aktivitetskalender og lagt inn i verneombodet sin arbeidsplan frå år til år.*

Tilnærminga er nærare beskrive i saksutgreiinga pkt. 5 b).

Fylkesnivået vil gjennom opplæring og HMS-årsrapportering sørgje for at driftseiningane implementerar og følgjer opp rutinar for nødvendig tidsbruk til å utøve verneombodsfunksjonen.

Dersom leiinga i driftseiningane ikkje følgjer opp i samsvar med desse intensjonane, vil dette vere å sjå på som avvik frå standard som skal rapporterast til fylkesnivået.”

Dag Lervik (Personalsjef) og Martin Hauge (HMS-koordinator)